

International Theatre Institute ITI

World Organization for the Performing Arts



Message for World Theatre Day 2024 – 27 March

Author of the Message: Jon FOSSE, Norway

Norwegian writer, playwright

Norwegian (Original)

World Theatre Day Message 2024 by Jon FOSSE

Kunst er fred

Kvart einaste menneske er unikt, og samstundes likt alle andre menneske. Det unike er utvendig og kan sjåast, greitt nok, men det er òg noko inne i kvart einaste menneske som tilhøyrer, som er, berre dette mennesket. Vi kan kalla det sjel, eller ånd – eller vi treng ikkje setja ord på det, berre lata det vera der.

Men samstundes som vi er ulike, er vi også like. Menneske frå alle delar av verda er i det grunnleggjande like, same kva språk vi har, kva hudfarge vi har, same kva hårfarge vi har.

Det er kanskje noko av eit paradoks dette, at vi samstundes er heilt både like og ulike. Og kanskje er mennesket paradoksalt i sitt spenn mellom kropp og sjel, mellom det mest jordbundne og immanente og det som transcenderer dei materielle, jordbundne avgrensingane.

Men kunsten, den gode kunsten, klarer på sitt forunderlege vis å sameina det heilt unike og det universelle, ja den klarer å få det unike, det framande kan ein seia, til å kunna blir forstått universelt. Den sprengjer slik grenser mellom språk, verdsdelar, land. Den fører slik sett saman ikkje berre det som særpregar kvart einaste menneske, men òg, i ei noko anna tyding, det som særpregar grupper av menneske, til dømes nasjonar.

Og kunsten gjer det ikkje gjennom å gjera alt likt, tvert imot gjennom å syna fram ulikskapen, ja det framande. I all god kunst er det nettopp det framande, det ein ikkje heilt skjønar og likevel på eit vis skjønar, det enigmatisk kan ein kanskje kalla det, som fascinerer, ja som skaper den transcens, den overskriding, all kunst både må ha i seg og føra til.

Og nokon betre måte å sameina motsetnader på kan eg ikkje koma på. Det er nett det motsette av valdeleg konflikt, som vi så altfor ofte ser utfalda seg i destruktive freistnader på å øydeleggja det framande, det unikt andre, ofte gjennom å nytta dei mest bestialske nyvinningane teknologien har gjeve oss. Det blir terrorisme. Det blir krig. For mennesket har også ei dyrisk side, det er drive av instinkt, der den andre, det framande, ikkje blir opplevd som noko fascinerande enigmatisk men som eit trugsmål mot eigen eksistens. Og då forsvinn det unike, det ulike som er univarselt forståeleg, og blir til ein kollektiv likskap der det som er

annleis er trugsmålet som må tilinkjesgjerast. Det som sett utanfrå er ulikskap, til dømes mellom ulike reigionar eller politiske ideologiar, blir noko som må nedkjempast og tilinkjesgjerast.

Krig er kamp mot det inste i mennesket, det unike. Og det er kamp mot all kunst, mot det inste i all kunst.

Eg har valt å snakka om kunst ålment, ikkje om teaterkunsten særskilt, og det fordi all god kunst, igjen inst inne, dreiar seg om det same, den dreiar seg om å få det heilt unike, det heilt særeigne, til å bli universelt. Den sameiner det unike og det univselle i sitt kunstnarlege uttrykk. Ikkje gjennom å fjerna eigenart, men gjennom å framheva han, gjennom å la det framande koma tydeleg fram.

Det er så enkelt som at krig og kunst er motsetnader, slik krig og fred er motsetnader. Kunst er fred.